



Heimalaga mat frå Pøyno AS
Modalen 1391
5729 EIDSLANDET

Referanser:

Dykkar: Ref.:MDJWPE- Skjemanr.:533
Vår: 23/181 - 23/1856

Saksbehandlar:

Tonje Husum Aarland
tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no

Dato:

03.07.2023

Svarbrev - søknad om tilskot frå Næringsfondet til etablering i Modalen

Næringsfondstyret i Modalen har i sak 009/2023, d. 15.06.2023, gjort følgjande vedtak knytt til søknaden om tilskot frå næringsfondet til etablering av Heimalaga Mat frå Pøyno i Modalen:

NF – vedtak:

Modalen løyver kr. 97 000 i tilskot og kr. 42 000 i lån til Heimelaga Mat frå Pøyno.

- 1. Tilskot skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.**
- 2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med stønad og vedtak.**
- 3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.**
- 4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve den tida som er gått. Tilskotsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.**
- 5. Tilskotsmottakarar skal rapportere til Modalen kommune om bruk og nyttegevinstar av tilskotet. Rapportering skal skje innan 1 år etter motteke tilskot.**

Nytt punkt i vedtaket. Det er ein føresetnad at Heimalaga Mat frå Pøyno har forettningsadresse i Modalen kommune.

Ber om at alle dokumenterte kostnader vert sendt til Modalen kommune via post eller e-post på postmottak@modalen.kommune.no, merka: «Modalen næringsfond, NF-sak 009/2023», saman med kontonummer for utbetaling.

Ta gjerne kontakt direkte med undertekna på e-post: tonje.husum.aarland@modalen.kommune.no om det er spørsmål.

Med helsing

Tonje Husum Aarland

Ass. rådmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

Kopi til:

Magne Verpelstad

Mottakere:

Heimalaga mat frá Pøyno AS

Modalen 1391

5729

EIDSLANDET